



Me takkar for interessa og vil med dette freiste å belyse føretaket på informativt vis:

Katla er, som alltid, eit *utbrotsorientert* føretak. Det speglar på underfundig vis vulkanens ulmande trykk.

Vidare er Katla eit byråkratisk eksperiment, på sida av og delvis innvikla i det store byråkratiet som er verkelegheten. Denne verkelegheten er jo på sett og vis eit stadig veksande arkiv av detaljar bevart og loggført på ulike vis, t.d. *smartphone-snapshots*, arkivert i serverar i Pineville, Oregon, eller t.d. *rullestein*, arkivert i ei jettegryte ein eller annan stad på Sørøstlandet. På grunnlag av slike detaljar vert det trekt slutningar om verkeleghetens framtid, meir eller mindre profetisk, og desse slutningane er i aukande grad pessimistiske. Katla fylgjer denne verkelegheten med stor interesse, ein viss skepsis, men fyrst og fremst med eit ope sinn.

Katla er eit føretak som både utviklast som ein metafor på og del av denne verkelegheten. I Katlas augo er det heile å betrakte som ein skulptur, i utvida forstand. Byråkratiet er, i sin tilsynelatande mangel på '*eksistensberettigelse*', eit mysterium, ja i grunn eit kunstverk av fabelaktig omfang og styrke. Det kan og sjåast på som eit omfattande ritual, ein religiøs struktur som delar ut masker og rollar til alle deltakande og spesifikke meiningar og funksjonar til alle objekt og dokument. I denne forbindelse er det nyttig å hugse på etymologien til eit (engelsk) ord for *kontorarbeidar*, nemleg *clerk*. Det kjem av *cleric* som tyder *druide*, dvs. prest.

På grunnlag av slik innsikt har Katla som estetisk ambisjon å utvide sitt interne byråkrati, for i større grad å bli verkeleg. Det er ein av *Katla Kataklysmos*' (ein av Katlas underorganisasjonar) underorganisasjonar, *Katla Kafka*, som tek seg av den byråkratiske utvidinga internt i selskapet. Katla Kafka arbeider etter Oscar Wildes slående utsegn '*Bureaucracy is expanding to meet the needs of the expanding bureaucracy*'.

Eit anna ord som kan bidra til å forklare Katla er *korporasjon* som rett og slett tyder kroppsleggjering. Korporasjon som prosess er altså ein manifestering av noko bakanfor- eller under-liggjande. Korporasjonen har som underordna prinsipp *organisasjon*. (Ein kropp må nødvendigvis bestå av organ.) Katla er ein korporasjon inneholdande eit mylder av organisasjonar.

Den korporative manifesteringsprosessen ber i seg noko uforståeleg, noko mystisk. Det er vanskeleg å seie kva det eigentleg er som hender, når ein 'korporasjon' skjer/veks fram, og kvifor. Men korporasjonen forvaltast av *clerks*, *clerics*, byråkratiske prestar, og korporasjonen forvaltar ein del av verkelegheten. I Katla finst det tre, 3, slike klerkar, men kvar av dei har tre underklerkar, og kvar av dei igjen tre, osv. *ad infinitum*. Då seier det seg sjølv, sidan antalet på Katlas klerkar aldri kjem til å verte uendeleg, at same person før eller seinare, nedigjennom i hierarkiet, dukkar opp *på nytt*. Det vil seie at ein og same person, før eller seinare, er sin eigen overordna. Dette fører med seg ein viss fridom for vedkommande, men og ei utfordring og eit stort ansvar, for han må nødvendigvis utføre dobbelt arbeid, og antakeleg på to vidt ulike fagfelt. Det kan og paradoksalt nok t.d. førekoma at *eins overordna er eins underordnas underordna*. (Det verkar overflødig å informere om at samtlige av Katlas underorganisasjonar fylgjer det ovanfor beskrive *treeinighetprinsipp*.)

Men Katla er og - ja kanskje fyrst og fremst - eit nyfikent og forskande føretak. Via to underorganisasjonar, *Katla Okeanos* og *Katla Karavan*, innstiller Katla stadig nye ekspedisjonar. Okeanos til sjøs og Karavan til lands. Ekspedisjonsaspektet er og har vore eit søk etter *teikn*, funn, som kan belyse den forkvakla undergangsstemninga som i stadig aukande grad siv inn gjennom sprekkar i kvardagen. Desse ekspedisjonane blir sett som så viktige at dei ofte er statleg finansierte.

Okeanos oppretta for ei tid tilbake dykkarforeininga *Katla Kalamar*, med tre faste dykkarar hyra. Dei har som oppgåve å fritt utforske havbotnen på leiting etter meiningsberande gjenstandar og hendingar til arkivet. Okeanos båt, *Kalypso*, bemanna av tre erfarne sjømenn, fraktar dykkarane rundt på havet. Med seg på båten har dei representantar for *Katla Kartografiske*: Landmålarar, observatørar og tekniske teiknarar som dokumenterer området etter eigne presise kartografiske teknikkar. Kalypso kjem stadig attende til basen i Bergen med nye tankevekkjande funn. Det same kan seiast om køyretøyet *407 D*, forvalta av Karavan.

Katlas aktivitet er, som det sømer seg for eit vulkansk føretak, både usynleg og synleg. Usynleg fordi Katla alltid finst til og ligg ulmande og utvidar sitt virkefelt og sitt arkiv. Synleg gjennom ulike objekt, dokument og hendingar som er tilgjengelege der dei vert offentleggjorde.

Til slutt kan det vera på sin plass å nemne at det er mogeleg å sjå Katla som eit retorisk knep, eit triks, ein illusjon. Ein fingert identitet som dannar eit alias, eit *prosopopoeia*, for bakanforliggjande handlingar, men denne synsvinkel vil nok berre, i beste fall, *delvis* avsløre Katla som heilskap, når ein tek i betraktning dei faktisk eksisterande detaljar. Dessutan er nok dette aspektet konsekvent for korporasjon *per se*.

Me håpar med dette å til ein viss grad ha belyst Katlas '*måte å vera på*'.

Mvh.

Kunstnargruppa Katla